

## Føresette til elevar i 1.kl ved Vestbygd skule hausten 2024

### Frist for påmelding skuleåret 2024-2025 er 1. mars.

Påmeldinga er bindande. Det er ein mnd. endring eller oppseiingstid frå den 1. i påfølgjande månad.

### **Informasjon om gjeldande vilkår for skulefritidsordninga.**

Formål med skulefritidsordninga er formulert slik i dei kommunale vedtektene av 20.02.2020:  
«Skulefritidsordninga (SFO) er eit frivillig omsorgs- og fritidstilbod utanom den obligatoriske skuledagen. SFO har som mål å gje barna på 1.-4. trinn i grunnskulen tilsyn og omsorg. SFO er òg eit tilbod til barn med særskilde behov på 1.-7. klasstrinn. Skulefritidsordninga skal leggja til rette for leik, kultur- og fritidsaktivitetar med utgangspunkt i alder, funksjonsnivå og interesser hjå barna. Barn med nedsett funksjonsevne skal gjevast gode utviklingsvilkår.»

«Tildelinga av plass gjeld frå startdato til og med 4.trinn eller til plassen vert sagt opp.  
Barn som har fått plass på grunn av særskilde behov frå 5.trinn, har plassen til og med 7.trinn, eller til plassen vert sagt opp innan då.»

**Hovudmålet til skulefritidsordninga vår er: TRYGGLEIK, OMSORG, TRIVNAD og SOSIAL UTVIKLING**

**Opningstida for skulefritidsordninga på Vestbygd skule er mellom kl. 07.30 og 16.30.**

**Foreldrebetaling:** Kommunestyret fastset foreldrebetalinga.

Følgjande satsar gjeld frå 01.02.2024:

**Det er 12 timar gratis SFO for 1. og 2. kl**

<b>Korttidsplass 0 - 6 timar pr veke</b>	<b>kr 0,- pr mnd</b>
<b>Halv plass 7 – 12 timar pr veke</b>	<b>kr 0,- pr mnd</b>
<b>Heil plass 13 t eller meir</b>	<b>kr 1382,- pr mnd.</b>

### **10-mnd tilbod:**

Gjeld skuledagar. Betaler for 10 månader. Juli og august er betalingsfrie månader.

### **Heilårstilbod/ 11-mnd:**

Heilårstilbod gjeld frå **1. august til 30. juni** inklusiv skuleferie- og fridagar.

Betaler for 11 månader.\*

Juli er betalingsfri månad.

*\*Merk at timetalet i satsen ein betaler for, også gjeld feriane. Timar utover dette vert det fakturert ekstra for. Dei på heil plass betalar ikkje ekstra i feriane.*

**SFO vil vera stengd på 5 av planleggingsdagane til skulen, jul- og nyttårsafta.**

**Onsdag før påske stengjer SFO kl.12.00.**

**I juli månad er SFO stengt.**

**Søskenmoderasjon:** Gjeld barn som bur saman fast og har same bustadadresse.

Sjå heimesida til kommunen for meir info.

30 % barn nr. 2

50 % barn nr.3 m/fl

**Redusert foreldrebetaling:** Dersom foreldrebetalinga for eit skuleår utgjir meir enn seks prosent av inntektene på hushaldet siste året kan ein søkje redusert betaling. Skjema ligg på heimesida til Alver kommune.

**Matpengar:** Vestbygd SFO har matsservering måndag, torsdag og fredag. Dei andre dagane må borna ha med matpakke til SFO-måltid. Betalinga er no kr. 30 pr. dag pr. mnd. d.v.s kr. 90,- pr. mnd om en går dei 3 dagane det er matsservering. Truleg vert det litt auke frå aug-24

#### Opningstider for SFO og obligatorisk skule 1. - 4. årssteg vil sjå slik ut:

MÅNDAG	TYSDAG	ONSDAG	TORSDAG	FREDAG
SFO: 07.30-08.30	SFO: 07.30-08.30	SFO: 07.30-08.30	SFO: 07.30-08.30	SFO: 07.30-08.30
<i>Undervisning: 08.30-12.45</i>	<i>Undervisning 08.30-14.15</i>	<i>Undervisning 08.30-14.15</i>	<i>Undervisning 08.30-12.45</i>	<i>Undervisning: 08.30-12.45</i>
SFO: 12.45 – 16.30	SFO: 14.15 – 16.30	SFO: 14.15 – 16.30	SFO: 12.45 – 16.30	SFO: 12.45 – 16.30

5-7.kl vil ha undervisning til 14.15 torsdag og fredag også.

**NB:** Om ein ikkje veit kva tider ein treng enno, pga endra arbeidstid/nye vakter til hausten, kan ein likevel tinge plass no og gje melding om ønska tider så snart ny arbeidsplan er på plass. Skriv det du trur og legg ein melding under 'Merknad' så vi veit om det.

Ein kan også endre timetal og/eller sats seinare i skuleåret om behovet endrar seg.

#### Spørsmål

Ta gjerne kontakt med SFO-leiar Audhild Knarvik på epost: [audhild.knarvik@alver.kommune.no](mailto:audhild.knarvik@alver.kommune.no)

#### SFO-vedtekter og prisar

SFO-vedtekter for Alver kommune finn ein på [alver.kommune.no](http://alver.kommune.no) under «Skule og utdanning» og «Skulefritidsordning (SFO).

For å melde på nytt denne lenken: <https://skole.visma.com/alver> eller gå inn på Alver kommune og finn det under Skole/ utdanning.

Med venleg helsing

Audhild Knarvik

SFO-leiar

Tlf +4756174290- mob +4740907662